

Flere mottakere. Se mottakerliste

Vår dato: 30.04.2018  
Vår ref.: 201709239-4  
Arkiv: 312  
Deres dato:  
Deres ref.:

Saksbehandler:  
Rune Moe

## Sesskraft AS – Søknad om løyve til å regulere Instebotnvatnet i Vestnes kommune, Møre og Romsdal fylke – høyring

**NVE har motteke ein søknad frå Sesskraft AS, datert 10.04.2018, om løyve til regulering av Instebotnvatnet i Vestnes kommune.**

Sesselva kraftverk sto ferdig i september 2016 og har sidan vore i drift. Oppstrøms inntaket til kraftverket ligg Instebotnvatnet, eit fjellvatn med normalvasstand på kote 727,5. For å auke produksjonen vert det søkt om regulering av Instebotnvatnet mellom kote 726 (LRV) og kote 728 (HRV). Ei slik regulering av Instebotnvatnet vil medføre ca. 1,85 GWh auka produksjon årleg ved Sesselva kraftverk. Det vert ingen endring i bygg eller på elektromekanisk utstyr i kraftstasjonen. Auka i produksjon kjem som fylgje av betre vassutnytting med eksisterande turbin. Største slukeevne er i dag 2,2 m<sup>3</sup>/s og installert effekt er 5,1 MW. Lengden på ytterlegare råka elvestrekning er ca. 3,5 km.

Dammen ved utlaupet av Instebotnvatnet er tenkt utført som massivdam i betong med ei total lengde på ca. 9 m og største høgde 2,5 m. Dammen skal etter plana byggjast veglaust. Planlagt slipp av minstevassføring frå reguleringsdammen i Instebotnvatnet er 20 l/s om sumaren og 10 l/s om vinteren.

NVE ber Vestnes kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på servicekontoret fram til 30.05.2018. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), og den vert kunngjort i avisene Romsdals Budstikke og Sunnmørsposten av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ynskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Bystøl AS v/Agnar Fosse på tlf. 9113 2998 eller på e-post [agnar@bystol.no](mailto:agnar@bystol.no).

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka blir sendt på høyring, til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ynskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner vert sendt oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan **13.06.2018**. Det er og mogeleg å sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det vert lagt ved eit samandrag som kan nyttast til dette.

Med hilsen

Øystein Grundt  
seksjonssjef

Rune Moe  
overingeniør

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.*

Vedlegg:

Mottakerliste:

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard  
Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal  
Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
ISTAD NETT AS  
Molde og Romsdals Turistforening  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal  
NORDVEST NETT AS  
Norges Jeger og Fiskerforbund, Møre og Romsdal  
Norsk Ornitologisk Forening avd. Møre og Romsdal  
Rauma Sætre AS  
Vestnes kommune  
Ålesund-Sunnmøre Turistforening

Kopi til:

Bystøl AS - Vik i Sogn v/Agnar Fosse  
Sesskraft AS